

920009158

ESPETVEDT DRIFT

Mobilnummer

916 57 190

E-postadresse

boen@banenor.no

Kontonummer **** * 35203

Vedtaksdato

23.05.2023

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

07.03.2023

Vår referanse

2023/2165, Agros 225916

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Hesjing 2023

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 10 000 kroner i tilskot til ESPETVEDT DRIFT til Hesjing 2023. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 25.05.2026.

Alver kommune viser til søknad av 07.03.2023.

Bakgrunn i saka

ESPETVEDT DRIFT søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 07.03.2023. Du søker om totalt 10 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.06.2023-01.08.2023. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 20 000 kroner.

Søker ynskjer å sette opp 400 m med hesjer med 5 trådar. Målet til søkjaren er å skaffe vinterfor for sauene hans og ivareta ein gammal tradisjonell haustingsmetode i Norge som få driv med i dag.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernemiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7.

Administrasjonen har gjennomgått artskart,naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at

tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket som gjelder hesjing er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål, jf. forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §1.

Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL - strategi. Hesjing er ein gammal driftsform som var vanlig på våre kantar inntil for 30-40 år sidan. Det er viktig å ta vare på kunnskapen om dette. Ved hesjing gjev en plantan ein sjanse til å legge igjen frø i enga, og såleis bidreg dette til å holde det biologiske mangfaldet ved like.

Godkjent kostnadsoverslag :(kommunen bruker standardsats for tilskot pr løpemeter hesjing):

Tiltak	Mengde	Kostnader kr	Tilskot kr(50%)
Hesjing	400 meter	400 m* 50 kr=20000 kr	10 000 kr

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 10 000 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 25.05.2026. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

-Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

-Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving,seinast ein månad før oppsett frist går ut.

- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.

- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Del- eller sluttrapportering av prosjektet gjøres via saken din på altinn. Du finner også skjema med link til altinn på landbruksdirektoratet sine hjemmesider.

Husk å ta bilder og dokumenter prosjektet underveis, samt ta vare på kvitteringer og før timelister for arbeidet som blir gjort.

Sluttrapport skal innehalda rapporteringsskjema, timeliste, bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden.

Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggest ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 20 000 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresettt ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Laila Bjørge